



Skarsvåg Rør Og Interiør As
Melandsvegen 15
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: Ref.:8R2QZA-
Skjemanr.:3934
Vår: 23/2154 - 23/22041

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
20.03.2023

Foreløpig svar på rørleggermelding - gbnr 315/11 Hopland

Tiltak: Tilknytning kommunalt vatn
Byggjestad: Hoplandsvegen 109 – Gbnr 315/11
Tiltakshavar: Hans Ivar Skjelvik
Ansvarleg søker: Skarsvåg Rør og Interiør AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.03.2023.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje lagt ved situasjonsplan som viser røyrføring frå veggiliv fram til tilknytingspunkt på kommunal vassleidning. Vi ber om at dette vert sendt inn i saka.
2. Det må sendast inn bunnleidningsplan/etasjeplan for bygg.
3. Erklæringar som er vedlagt søknad er ikkje tinglyste.

Merknad til erklæring om felles solidarisk ansvar:

Det kan sjå ut som at fleire av eigedomane som er knytt på fellesleidninga ikkje er teke med i avtalen. Alle eigedomane som har delar av leidningsnettet felles, skal signere på avtalen. Eigedomar som er knytt på fellesleidninga skal være vist på situasjonsplan som skal følgje avtale som vert tinglyst.

Før vi kan handsame søknad skal vi ha kopi av tinglyste erklæringar.

4. Det er opplyst om at det er søkt om løyve til utslepp frå minirensaneanlegg. Før vi kan handsame søknad om tilknytning til kommunalt vatn, skal utsleppsløyve ligge føre.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.04.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hans Ivar Skjelvik

Hoplandsvegen 5919
95

Frekhaug

Mottakarar:

Skarsvåg Rør Og Interiør As

Melandsvegen 5919
15

FREKHAUG